

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING FOR 2022

### STYREVERV OG REPRESENTASJON

#### **Styre før ålmenningsvalet 20. april 2022:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Pål-Lasse Torstad</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Øivind Groven</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Tore Amundgård</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Morten Hovhaugholen</i>	<i>(2020 – 2024)</i>

#### **Styre etter ålmenningsvalet 20. april 2022:**

<i>Tore Amundgård - leiar</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Øivind Groven - nestleiar</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Pål-Lasse Torstad</i>	<i>(2022 – 2026)</i>
<i>Morten Hovhaugholen</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Arne Rolstad</i>	<i>(2022 – 2026)</i>
<i>Frank Brækken</i>	<i>(2022 – 2026)</i>

#### **Varamedlemer 2020 -2024:**

- 1. Irene Amundgård*
- 2. Brit Elin Gråberg*

#### **Varamedlemer 2022 – 2026:**

- 1. Konrad Eithun*
- 2. Dag Siljehaug*
- 3. Håvard Syse*

#### **Valgkomitè:**

*Ola B. Killi*  
*Tor Egil Selsjord*  
*John Magne Skaalgaard*

#### **Varamedlem til valgkomitèen:**

*Armulf Bentsdal*

#### **Revisor:**

*PricewaterhouseCoopers AS, Lillehammer*

Styremedlem *Arne Rolstad* er ålmenninga sin representant i *Dovre Elgutvalg*.

Årsmøte 2022 vart halde på Joratunet 20. april med fem styremedlemer og to andre bruksrettshavarar til stades.

Det er gjennomført sju styremøte i 2022. Ein del saker er behandla per e-post. Styret var på befarung i Grønbogen Fjelltak i samband med styremøtet 16. november.

*Frank Brækken* og *Narve Tveiten* deltok på regionmøte i Norsk Almenningsforbund på Vinstra 23. november.

## **ADMINISTRASJON**

### ***Kontor og rekneskap***

*Narve Tveiten* er tilsett som ålmenningsstyrar. I tillegg til vanlege arbeidsoppgåver som styrar fører han òg rekneskapen for ålmenninga.

Tveiten har sagt opp stillinga frå 01.04.2023. Stillinga er utlyst to gonger, i september og i november. Det kom inn to søknader til stillinga. *Hauk Amundsen Øren*, *Lora* er tilbode stillinga.

## **SPESIELLE STYRESAKER I 2022**

### ***Frivillig vern av skog***

Ålmenninga har fått erstatningstilbod frå Staten om frivillig vern av 1.768 da produktiv skog i Steinhovda. All skogen ligg i verneskogsona. Tilbodet er på kr 1.393.000. Det er nytta ei kapitaliseringsrente på 4% i tilbodet. Etter at tilbodet vart lagt fram har det skjedd endringar med kapitaliseringsrenta som vil medføre auka erstatning. Miljødirektoratet har dessutan laga ei prioriteringsliste for verneområde inndelt i to kategoriar. Steinhovda er plassert i lågaste kategori. Dette betyr at vern i Steinhovda tidlegast er aktuelt i 2024.

### ***Samarbeidsavtale med Lesja Beitesamlag***

Det er inngått samarbeidsavtale mellom Lesja Beitesamlag og Joramo bygdealmening om stilling som sekretær og kasserar i Lesja Beitesamlag. Stillinga blir knytt til stillinga som styrar i Joramo bygdealmening, men beitesamlaget skal stå som arbeidsgjevar. Stillingsstorleiken er ca 5%. Beitesamlaget får tilgang til kontorlokale, møtelokale, kontormaskiner og programvare for datamaskin. Kontorleige per år er sett til kr 2.000,-.

### ***Makeskifte av skogareal.***

Etter forslag frå eigar av Systugu Sønstebø vart det fremma krav om makeskifte av skogareal til ålmenninga ovanfor E-13 mot skogareal til Systugu Sønstebø i Jorkvitlan. Eit makeskifte ville føre til betre arrondering og ålmenninga får direkte vegløyning mot Vestsidevegen. Retten til adkomst frå E-136 har gått tapt i samband med tidlegare omlegging/utbetring av vegen. Jordskifteretten var på befaring i oktober.

I forslag til jordskifteavgjerd av 13.01.2023 avviser jordskifteretten makeskifte på grunn av verdiforskjellen på areala. Grunnen til dette er to festetomter på ålmenninga sitt areal. I staden blir det føreslege ei bruksordning som sikrar adkomst for ålmenninga frå Vestsidevegen. Styret har ingen innvendingar mot forslaget frå jordskifteretten.

### ***Søknad om utvising av seter***

Eigar av Søre Brekka gnr./bnr. 472 i Dovre søkte om utvising av seter på Nysetre. Saka vart lagt ut til ettersyn utan at det kom inn merknader. Styret har innvilga søknaden. Den nye setra blir liggande mellom seter til Soleglad og seter til Søre Blæstra.

## **Grønbogen Fjelltak**

Styret var på befaring i Grønbogen Fjelltak 12. oktober i samband med styremøte. Etter befaringa vart det sendt e-post til Korsvoll Maskin AS (KM) der det vart peika på fleire forhold som ikkje var i samsvar med reguleringsplan; tipp for avdekkingsmasse, oppstillingsplass for asfaltverk og masselager. Det vart stilt krav om at areal som er teke i bruk utan godkjenning frå kommunen må koma inn i lovlege former gjennom ein revidert reguleringsplan.

I november starta KM opp planarbeid for å få regulert inn tilleggsareal. Styret stiller seg positiv til dette.

Sist i november mottok ålmenninga brev frå kommunen; «Forhåndsvarsel om pålegg om stans av arbeid og illeggelse av tvangsmulkt». Bakgrunnen for brevet var ei lang rekkje brot på reguleringsbestemmelsar for fjelltaket, og moglege brot i høve til driftskonsesjon og lov om forureining. I sitt vårt svar til kommunen blir det uttrykt at ein ser det som viktig at det blir gripe tak i dette slik at drifta av fjelltaket kjem inn i ordna og lovlege former. Det blir peika på at fjelltaket er viktig for bygdesamfunnet, ikkje minst med tanke på sysselsetjing det skaper. Det blir uttrykt håp om at kommunen viser vevilje og stiller seg positiv til søknad om tilleggsareal til eksisterande regulert areal.

## **BRUKSRETT**

Per 31.12.2022 var det 111 bruk i Lesja og 48 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmening, i alt 159 bruk.

Eitt bruk har falle ut av registeret (Solheim 110/5 i Lesja), medan eitt har kome til: Bruhaugen (129/ 3 i Lesja) er teke inn i registeret etter spørsmål frå eigaren. Det er ikkje kjent kvifor ikkje bruket har stått i registeret tidlegare, sidan vilkår for bruksrett utan tvil er oppfylt.

Det er utbetalt kr 138.385 i *bruksrettsytingar og tilskot* til bruksrettshavarar, mot kr 78.760 året før. I tillegg er det godkjent bruksrettsyting på kr 90.888 til ein kårbolig, men der ytinga ikkje blir utbetalt før tomta huset er bygd på er slått i hop med bruket kårboligen tilhøyrrer (Holen 14/2 i Dovre).

Det er *utvist ved* til 11 bruksrettshavarar. Ni hogstar er blinka langs Grønbogvegen, to hogstar ovanfor Randen på Vestsida.

Oversikt over *beitebruk* (fjorårstall i parentes):

Det blei sleppt totalt 669 (664) søyer, og 1203 (1162) lam på beite sesongen 2022. I tillegg blei det sleppt 228 (219) storfe.

Det totale tapet for sesongen 2022 blei 12 (20) søyer og 58 (64) lam. Det har vore ganske små tap i høve til rovdyr. Langs Snøheimvegen er det utfordringar med laushundar som sprengjer lam. Hundeigarar varslar ikkje frå.

Det er 11 aktive medlemmer i Jora Beitelag.

## SKOGBRUKET

### *Skogkultur*

Det er ikkje gjennomført tradisjonelle skogkulturtiltak i 2022.

Styrar har starta eit lite forsøk med mekanisk vern av furuforynging mot beiting av elg. Det er ei svensk oppfinning «Tallsydd» («furuvern») som blir festa øvst på toppskotet, som skal hindre elgen i å bite det av. Det er festa på ca 100 stk på eit lite felt i Jorkvitlan og ca 80 stk på eit felt sør før Eidefoss-tomta (helikopterplassen).

Prisen på Tallsydd er kr 2,77 per stk importert direkte frå Sverige.

### *Skogsdrifter*

Det er ikkje gjennomført skogsdrifter i sesongen 2021/-22. Planlagt tynningsdrift i 2022 er utsett til 2023.

## JAKT

### *Elg- og hjortejakt*

Hjortejakt: Inga spesiell hjortejakt dette året.

Elg- og hjortejakt i Fjellfeltet

Lag: *Ola John Brækken*

Kvote elg: 1 eldre okse, 1 yngre okse og 3 ungdyr/kalv

Felling elg: 1 eldre ukse (210 kg), 2 ungdyr ukse (102 kg, 125 kg) og 1 kalv (76 kg).

Kvote hjort: 1 fritt dyr og 2 kalv ungdyr (felles kvote Fjellfeltet/Skogfeltet).

Felling hjort: Ingen

Elg- og hjortejakt i Skogfeltet:

Lag: *Øivind Holen*

Kvote elg: 1 yngre ukse, 1 eldre kolle og 3 ungdyr/kalv

Felling elg: 1 eldre okse (205 kg), 1 eldre kolle (165 kg), 2 ungdyr kolle (90 kg, 149 kg) og 1 ungdyr ukse (149 kg).

Kvote hjort: 1 fritt dyr og 2 kalv ungdyr (felles kvote Fjellfeltet/Skogfeltet).

Felling hjort: Ingen

## ***Småviltjakt***

Oversikt over kortsalg:

<b>Korttype:</b>	<b>Prisar (u.b./i.b./br.r.)</b>	<b>Utanbygds (rupe + hare):</b>	<b>Innanbygds:</b>	<b>Bruksrett:</b>
Sesongkort med hund	1300/650/0	9+6	9	1
Sesongkort utan hund	1200/600/0	6+0	3	1
3-dagars kort med hund	800/400/---	5+0		
3-dagars kort utan hund	700/350/---	2+0		

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal frå 2021 i parentes).

Hare: 5 (4) stk. på 34 (27) jakt dagar fordelt på 7 (5) jegerar.

Rupe: 18 (29) stk på 87 (112) jakt dagar fordelt på 22 (27) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane.

Hare: Medels- bestand

Rype: Svak bestand

Taksering/oppsyn:

*Jo Halgunset* utførte rypetaksering i august. Takseringa viste svært at bestanden er svært låg.

Fangstgrensa vart sett til 1 rype per dag / maks 5 ryper per sesong per jeger pga resultat av taksering.

## ***Reinsjakt***

*Snøhetta:*

Kvote: 2 frie dyr, 2 kluffbukk, 3 simle/ungdyr og 8 kalv.

Felling: 3 vaksen bukk, 1 ungdyr bukk, 3 vakse simle, 2 bukkekalv og 1 simlekalv (fellingsprosent = 67)

*Rondane nord:*

Kvote: 1 simle/fritt dyr under 40 kg.

Felling: 1 eldre simle (fellingsprosent = 100)

## ***Rådyrjakt***

Bukkejakt:

Lagjakt felt 1 (nord for Raumabana):

" " 2 (sør for Raumabana):

*Marianne og Bård Singasaas, Marius Voll*

*Bjørn Svendsgard*

*Erland Løkken*

Kvote: 5 dyr

Felling: 3 bukkar og 2 geiter

## UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG

### Leigetakarar pr. 31.12.2022:

Sykehuset Innlandet: Ambulansestasjon  
Norsk Landbruksrådgivning  
Innlandet: Ragnhild Sjurgard (1 dag per veke)

## FORTSATT DRIFT

Føresetnad for fortsatt drift er til stades og årsrekneskapen for 2022 er sett opp med denne føresetnad.

## ØKONOMI

Regnskapet for 2022 syner eit overskot på kr 436.664 mot kr 742.562 i 2021. Største endringane i høve til førre året er:

	<u>2022</u>	<u>2021</u>
- Sal av tømmer	96.565 *)	779.812
+ Driftsutgifter tømmer	3.750	501.948
+ Påløpte driftskostnader tømmer	0	160.245
+ Sal av grus- og fjellmasser	282.310	178.346
- Erstatning/tilskot	0	215.000
- Ordinære bruksrettsytingar	155.632	68.254
*) Gjeld etterbetaling av tømmer for 2021		

Per 31.12.2022 er innestående beløp i bank og kasse kr 3.289.500 ( 2021: kr 2.702.406). Kortsiktige krav er kr 509.875 (2021: kr 406.961). Kortsiktig gjeld er kr 655.058 (2021: kr 573.218).


Joramo Næringstun, 22.mars 2023


  
Tore Amundgård

leiar

  
Øivind Grøven

nestleiar

  
Pål-Lasse Torstad

  
Håvard Syse  
(Vara for Arne Rølstad)

Frank Brækken



  
Narve Tveiten

ålmeningstyrar